

Temadag

Eit annleis søskenliv

- å vere søsken til barn med særskilde behov



www.colourbox.com

Korleis snakke med funksjonsfriske søsken om diagnosen ?

Korleis møte kvardagsutfordringar knytt til det å ha søsken med spesielle behov ?

Korleis gi informasjon til sine vener ?

Korleis nære vaksne / fagpersonar kan støtte funksjonsfriske søsken ?

Vi har invitert **Torun Vatne og Yngvild Haukeland** til vår seksjon i Ålesund for å halde ein temadag om det å vere søsken til barn med spesielle behov. Vatne er psykologspesialist og forskar ved Frambu kompetansesenter for sjeldne diagnosar. Ho leiår eit forskingsprosjekt med fokus på søsken til barn med nedsett funksjonsevne. Haukeland er psykolog ved Frambu og stipendiat på søskenprosjektet.

Målgruppe: Foreldre og andre nærpersonar, tilsette i skule og barnehagar, rådgjevarar både i ungdomsskulen og vidaregåande skule, helsesøster og andre aktuelle i kommunehelsetenesta.

Tid: Onsdag 14. mars 2018, kl. 09.00 – 15.00 (registrering mellom 09.00- 09.30)

Stad: Auditoriet ved Ålesund sjukehus.

Påmelding: Påmelding er ulikt for foreldre og fagpersonar.

- **Fagpersonar** : Påmeldinga via https://www.deltager.no/et_annleis_soskenliv_14032018. Kursavgift kr 200,- pr. person for mat og drikke. Det er muleg å betale med faktura og registrere fleire deltakara på ein faktura.

- **Foreldre**: Kontakt vår ekspedisjonen på telefon 70 10 64 43. De må ha tilvising frå fastlege dersom de ikkje er inne i eit behandlingsforløp i Klinikk for kvinner, barn og ungdom. Tilvisinga må vere retta mot barnet med nedsett funksjonsevne. Foreldre får tilsendt faktura i etterkant av kurset på kr 200,- pr. person for mat og drikke.

Påmeldingsfrist: 1. mars 2018.

Kontaktperson: Britt Sjøvik, telefon 70 10 64 40.

Anna relevant informasjon:

Parkering: Avgiftsbelagt på sjukehuset sitt område.

Opplæringspengar: Etter gjeldande lovverk er vilkår for opplæringspengar ikkje oppfylt ved denne fagdagen.

Foreldre som er innvilga utvida rett til omsorgspengar ved sjukt barn kan bruke av desse dagane til opplæring.

Matintoleranse/allergi: Gi beskjed på telefon 70 10 64 43 om behova dine.

Vi ber også om at kursdeltakarane tek omsyn til at mange er allergisk mot parfyme.